



Vår pedagogiske plattform

Mandat:

Sula kulturskule skal vere eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sine skapande evner, og få kjennskap til ymse kunstformer og kulturuttrykk. I tillegg skal kulturskulen utviklast til eit kompetansesenter, som saman med undervisning skal yte tenester til barnehagar, skular, lag og organisasjonar.

Våre elevar:

- er unike og likeverdige
- er kreative, nysgjerrige og lærelystne
- har behov for tryggleik og sosial tilknytning

Våre lærarar:

- Er kompetente pedagogar og utøvarar
- Skaper eit trygt og godt læringsmiljø
- Rettleiar og motiverer eleven til å utvikle seg

Læring skjer best når:

- Eleven får undervisning tilpassa sitt nivå og interesse, med klare utviklingsmål
- Kulturskulen har god kommunikasjon med heimen
- Eleven øver heime, og får oppfølging frå føresette

Breiddeprogram:

Vårt breiddeprogram skal nå flest mogleg og ha lav terskel for deltaking.

- Karusell for 3. trinn
- Verkstader for grunnskulen t.d. «Blås i Skulen»
- Kor
- Dramaleik
- Begynnergruppe biletkunst
- Takt og Tone
- Integreeringstilbod

Kjerneprogram:

Vårt kjerneprogram er for elevar som er motivert for større mengde undervisning og systematisk eigeninnsats.

- Instrumental- og vokal-undervisning i einetimar og samspel
- Biletkunst
- Drama/teater
- Framsyningar
- Konsertar
- Utstillingar
- Prosjekt

Fordjupingsprogram:

Vårt fordjupingsprogram vektlegg utviklinga av kreative evner, handverksmessig og kunstnarisk kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne. Det er krav til høg og målretta eigeninnsats.

- Jazzorkester
- Fordjuping biletkunst
- Kyrkjemusikk (haust I 8)
- Band/låtskriving/IKT/lyd/lys
- Utvida speletime